

Kjære klimavener

Klimaval 2013 er stikkordet vi samlast om i dag. Rundt 60 organisasjonar vil gjennom Klimaval prøva å gjera valet til hausten til eit val om ein ansvarleg klimapolitikk. Vi vil vekke til ein folkereising som krev tiltak for å stabilisere klimaendringane, slik at vår vidunderleg vakre jord blir bevart for våre barneborn.

Globalt stig klimautsleppa med 3 prosent i året. Det tyder at vi følgjer det scenario som FNs klimapanel kallar business-as-usual, det som går ut frå at det ikkje blir sett inn tiltak for å redusere utsleppa. Sjølv om klimaproblemet i prinsippet blir teke alvorleg overalt i verda, og mange land no set inn tiltak for klimakutt, tyder den store årlege aukinga i utsleppa at slike tiltak monar lite til no.

Ein vidare gong langs scenariet business-as-usual, til vi tømmer det meste av kjeldene for fossilt drivstoff, tyder klimakatastrofe med lidingar i framtida. Dette kan vi ikkje finna oss i. Derfor tar vi ansvar og krev stabilisering av klimaendringane. Dette er enno fullt ut muleg å få til, men ikkje utan ein folkerørsle som krev handling straks.

Klimavitskapen fortel oss at stabilisering av klimaendringane krev ein nesten utfasing av bruk av fossilt drivstoff innan 2050. Det viktigaste tiltaket for å få dette til er å la fossilindustrien betala for skadane produkta deira påfører vår jord. I dag er dei årsak til lokal og regional forureining som tek livet av en million menneske i året. Klimaskadane på vår jord kan bli enorme, om fossilindustrien får tura fram som no. Dei som produserer, må påleggast ei systematisk aukande avgift som er høg nok til at det vil lønna seg å utvikla fornybar energi og slik at fossilt drivstoff fasast ut raskt nok for å stabilisera klimaendringane. Dersom dette ikkje skjer, vil fossilt drivstoff framleis vera den billigaste energien i dei fleste land. Og så lenge energien er billigast, vil den bli brukt, og slik vil verda framleis følgja scenariet business-as-usual.

Eit globalt avgiftssystem blir vanskeleg å få til. Håpet ligg i at store land som USA eller samanslutningar som EU kan innføre eit avgiftssystem som verkar, og i sin politikk tvinga andre land til å gjera det same. Det finst fleire måtar å gjera dette på. Dagens kvotesystem i EU har spela fallitt og må fornyast. Norge bør samarbeide med EU for å få til ei ordning som verkar.

Politikken for å få ned utsleppa i Norge har i over 20 år vore prega av gode intensjonar og mangel på tiltak. Først hadde vi mål fram til år 2000. Seinare fekk vi Kyotoavtalen for perioden 2008-2012. No har vi mål fram til 2020. Til tross for disse intensjonane har utsleppa av CO₂ auka over 30 prosent sidan 1990. Det tyder at politikarane enno ikkje forstår klimaproblemet, det er ikkje skrive i hjartet.

Klimakamp 2013 ønskjer ein ansvarlig klimapolitikk i Norge. Norsk klimapolitikk er uttrykt i regjeringa si klimamelding til Stortinget frå i fjor. Klimameldinga har ein del gode forslag til tiltak, det skulle berre mangle. Men ambisjonane er for små. FNs klimapanel ber rike land om å kutta minst 25 prosent nasjonalt innan 2020. Internasjonalt blir kutt målt frå referanseåret 1990. Gjer vi det, blir dei norske ambisjonane å kutta mellom 6 og 10 prosent fram til 2020, langt under det som trengst. Vi kan legge til at fleire land i Europa har oppnådd eit slikt mål alt i dag. I Norge driv vi framleis berre med puslerier, dette vil Klimaval ha ei endring på.

Klimavitskapen fortel oss at skal klimaendringane stabiliserast, må mesteparten av alt kjente kjelder ikkje utvinnast. I Norge er klimapolitikk omtrent fråkopla olje- og energipolitikken. Slik er ikkje klimameldinga oppteken av at norsk petroleumsindustri gjer alt den kan for å finne nye kjelder og at

Statoil engasjerer seg i skitten utvinning av ukonvensjonelle kjelder i Nord-Amerika. Oljesand er stikkordet. I tillegg føres det propaganda om at norsk petroleumsindustri er en del av løysinga på klimaproblemet.

Klimaval vil endring i solidaritet med komande generasjonar. Det er vår plikt å verne vår jord. Ei folkereising for vår jord vil koma. Vi vil bidra til at den ikkje kjem for seint. Klimaval 2013 vil snu klimapolitikken no.